

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 18.04.2018

Iril Schau Johansen (H) sette på vegner av H fram slikt oversendingsforslag til fylkesutvalet:

«Høyringssvaret punkt 5 – underpunkt om landbruk, tilleggsframlegg:

Det bør og vurderast å overføre ansvaret for veterinærtenester og mattilsyn til nivå nærmere brukarane av tenestene.

Endringsframlegg, høyringssvaret punkt 19: Erstatte teksten i punkt 19 med:

Ei eventuell overføring av ansvaret for spesialpedagogisk støtte til skuleelevar bør ikke gjennomførast no, men vente til første runde av ansvarsoverføringar er komen på plass.
Statped held fram som no.

Endringsframlegg, høyringssvaret punkt 20: Erstatte første avsnitt i punktet med:

Ansvaret for institusjonar, fosterheimar og familievern skal framleis vere statleg.»

Geir Angeltveit (V) sette på vegner av V fram slikt oversendingsforslag til fylkesutvalet:

«Tillegg til høyringssvaret punkt 15, Kultur:

Hordaland fylkeskommune meiner at

- Dei kulturinstitusjonane som i dag har nasjonal status og statleg forvaltningsansvar må sikrast framleis slik status uavhengig av geografisk lokalisering.
- Bergen Nasjonale Opera bør inngå som ein slik Nasjonal status som kulturinstitusjon..»

Marthe Hammer (SV) sette fram slikt forslag:

«Utval for miljø og samferdsel tek saka til orientering, og kjem tilbake med forslag i fylkesutval og fylkesting.

Jon Askeland (Sp) sette på vegner Sp, SV, A, KrF, V, MDG, Frp og H fram slik protokollmerknad.

«Partia arbeider med saka fram til handsaming i fylkesutvalet.»

Røysting

Forsлага frå Johansen og Angeltveit vart samrøystes vedtekne oversendt på vegner av forslagsstillerane utan realitetsbehandling.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 1 røyst (SV) for Hammer sitt forslag.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Hordaland fylkeskommune støttar dei prinsipp og vurderingar som ekspertutvalet har lagt til grunn i si innstilling knytt til overføring av nye oppgåver til fylkeskommunane. Nye oppgåver og auka regionalt ansvar er naudsynt for å styrke lokaldemokratiet og fylkeskommunane si rolle som samfunnsutviklar. Høyringssvaret frå Hordaland fylkeskommune er vedlagt
2. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til ekspertutvalet sitt forslag om at frie inntekter i hovudsak vert lagt til grunn for finansiering av fylkeskommunane. Hordaland fylkeskommune legg til grunn at ansvarsoverføringane vert finansiert fullt ut ved at midlane staten brukar, vert overført fylkeskommunane i samband med ansvarsoverføringa.
3. Hordaland fylkeskommune føreset ei samla vurdering av ekspertutvalet sitt forslag i Stortinget, som ei eiga heilskapleg sak om desentralisering av oppgåver frå staten til fylkeskommunane.
4. Hordaland fylkeskommune meiner Stortinget – i tillegg til å overføre statlege oppgåver til regionalt

- folkevalt nivå slik ekspertutvalet si innstilling føreslår – særleg må følgje opp at:
- a) Det kjem snarlege avklaringar og vert ein ryddig og oversiktleg prosess knytt til overføring av sams vegadministrasjon til det regionale folkevalde nivået. Dette er også viktig for fylkeskommunane i eit arbeidsgjeverperspektiv.
 - b) Fylkeskommunane får delegert meir mynde i sakshandsaminga av akvakultursaker.
 - c) Den næringsorienterte delen av Fylkesmannen si verksemد i sin heilskap vert overført til fylkeskommunane.
5. Hordaland fylkeskommune ber om at det vert utgreidd overføring av fleire oppgåver som ligg tett opp til oppgåvene som alt er føreslegne overførte, og oppgåver som krev samordning og elles er innanfor dei prinsipp ekspertutvalet har lagt til grunn. Forslag til fleire oppgåver er nemnt i det vedlagte høyringssvaret.

Protokollmerknad frå Sp, SV, A, KrF, V, MDG, Frp og H

Partia arbeider med saka fram til handsaming i fylkesutvalet.